# Vågsøy kommune

# Møteprotokoll

# Oppvekst- og kulturutvalg

| | |
|---|---|
| **Møtested:** | Formannskapssalen, 3. etg. |
| **Møtedato:** | 01.09.2015 |
| **Tidspunkt:** | 08:00 - 12:00 |

**Til behandling:** **Saksliste nr. 018/15 - 025/15**

Medlemmer:
H - Anett Berg (Leder)
AP - Frode Falkevik Kupen (Medlem)
V - Selma Strand Larsen (Medlem)

Varamedlemmer:
KRF - Jorunn Marie Totland (Varamedlem)
FRP - Ronny Mobakken (Varamedlem)
SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)

Forfall:
H – Øystein Sandøy (Varamedlem)
SP - Terje Kolseth (Medlem)
FRP - Kåre Eide (Medlem)
KRF - Marianne K. Pleym Refvik (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 3. Totalt frammøtte: 6.

Fra administrasjonen møtte:
Kommunalsjef Ove Aksnes
Kommunalsjef Jeanette Jensen informerte om «Borte bra, men hjemme best»

Måløy 01.09.2015

Ove Aksnes
Kommunalsjef

Dagny-Ann Gangeskar
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

| Sak nr. | Sakstittel | |
|---|---|---|
| 018/15 | Godkjenning av møteprotokoll | |
| 019/15 | Referatsaker | |
| 020/15 | Regionalt friluftsråd i Nordfjord | |
| 021/15 | Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen - eit læringsmiljøprosjekt | |
| 022/15 | Dispensasjon fra utdanningskravet som førskolelærer - Skramsmarka barnehage | |
| 023/15 | Søknad om skuleskyss for skuleåret 2015/2016 | Unntatt offentlighet |
| 024/15 | Ny klagebehandling skuleskyss 2015/2016 | Unntatt offentlighet |
| 025/15 | Ny klagebehandling skuleskyss 2015/2016 | Unntatt offentlighet |

Det vart i møtet presentert forprosjektet «Borte bra, men hjemme best» som handlar om tenestane no og i framtida. Prosjektet er utvikla av Farmhouse og vart presentert av prosjektleiar Gro Flølo.
Prosjektleiar og kommunalsjef svarte på spørsmål.

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 018/15 |

| **Endelig vedtak i:** | **Arkivsaknr.:** | **Saksansvarlig:** |
|---|---|---|
| Oppvekst- og kulturutvalet | **15/1036** | **Dagny-Ann Gangeskar** |

## Godkjenning av møteprotokoll

## Rådmannens innstilling
Møteboken godkjennes som den foreligger.

## 01.09.2015 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Ingen merknad.

## Votering
Rådmannen si innstilling samrøystes godkjent.

OK-018/15
## Vedtak:
Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møtebok frå forrige møte er sendt på epost og ligg i politikarportalen under «Mine referater»

**Vågsøy kommune**

**Sakspapir**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 019/15 |

| **Endelig vedtak i:** Oppvekst- og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:** **15/1035** | **Saksansvarlig:** **Dagny-Ann Gangeskar** |
|---|---|---|

# Referatsaker

## Rådmannens innstilling
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## 01.09.2015 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål. Ingen merknad.

## Votering
Rådmann si innstilling samrøystes tatt til etterretning.

OK-019/15
## Vedtak:
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## Liste over dokumenter til orientering:

| Nr | Dok.ID | | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 15/6165 | I | 26.05.2015 | PBL - Private Barnehagers Landsforbund | Viktig høring for den fremtidige kvaliteten i barnehagene |
| 2 | 15/5263 | I | 04.05.2015 | likestillings- og inkluderi Det kongelige barne- | Samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere |
| 3 | 15/6944 | I | 05.06.2015 | Nordfjord folkemuseum | Møtereferat 03.06.2015 - Rådet for Nordfjord Folkemuseum 2015 |
| 4 | 15/7499 | I | 17.06.2015 | Helsedirektoratet | Orientering om reviderte retningslinjer om mat og måltider fra høsten 2015 |
| 5 | 15/7662 | U | 22.06.2015 | Kari Sæther; | Møtebok SU/SMU Holvik |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Olaug Gjestdal; Hanne Gravdal; Anett Berg; Dagmar Gudmundsdottir | skule 10.06 2015 |
| 6 | 15/7684 | I | 22.06.2015 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Nye krav til symjeopplæring i grunnskulen frå skuleåret 2015-2016 |
| 7 | 15/7559 | I | 17.06.2015 | Det kongelige kunnskapsdeparteme ntet | Høring - NOU 2015:8 Fremtidens skole fornyelse av fag og kompetanser - frist 15.10.2015 |
| 8 | 15/6876 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439001601 Skavøypoll stadion, fotballbane |
| 9 | 15/6877 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439001601 Skavøypoll stadion, fotballbane |
| 10 | 15/6879 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439004301 klatrepark |
| 11 | 15/6880 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439000905 fotballhall |
| 12 | 15/6881 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Fordeling av midlar til idrettsanlegg 2015 - tilsegn om ordinære midlar til anleggsnummer 1439000101 Måløy stadion |
| 13 | 15/6882 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439001702 Skaredammen idrettspark, friidrettsanlegg |
| 14 | 15/6878 | I | 05.06.2015 | Sogn og Fjordane fylkeskommune Kulturavdelinga | Avslag på søknad om spelemidlar til anleggsnummer 1439001601 Skavøypoll stadion, fotballbane |
| 15 | 15/7389 | I | 16.06.2015 | Vågsøy Historielag | Forespørsel om arkivlokale til Vågsøy historielag |
| 16 | 15/7494 | I | 15.06.2015 | Det kongelige kunnskapsdeparteme ntet | Informasjonsbrev om direkte tildeling av midler i Den kulturelle skolesekken |
| 17 | 15/6835 | I | 08.06.2015 | likestillings- og inkluderingsdepartem entet Det kongelige barne- | Arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse - ekstra beredskap i sommerferien |
| 18 | 15/8567 | I | 06.07.2015 | likestillings- og inkluderingsdepartem ent Det kongelige | Vedrørende begrepet undervisningstime, samt beregningen av |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | barne- | introduksjonsprogram på fulltid etter introduksjonsloven |
| 19 | 15/7890 | I | 24.06.2015 | KS | Høring - Finansiering av private barnehager |
| 20 | 15/9493 | I | 14.08.2015 | Eid kommune | Kopi av brev: Ynskjer førehandsuttale - Interkommunale idrettsanlegg - Eid og Vågsøy |
| 21 | 15/8890 | I | 17.07.2015 | Det kongelige kunnskapsdepartementet | Invitasjon til å foreslå kandidater til nytt Foreldreutvalg for grunnopplæringen (FUG) 2016-2019 |
| 22 | 15/8538 | I | 29.06.2015 | Frivillig Norge | Den nasjonale frivillighetsprisen 2015 |
| 23 | 15/9222 | I | 05.08.2015 | Skavøypoll Idrettslag - Turngruppa | Spørsmål om å bygge på Nordfjordhallen for å legge til rette for turnaktivitet |
| 24 | 15/9211 | X | 05.08.2015 | | Samarbeidsavtale mellom Vågsøy lensmannskontor og Vågsøy kommune - August 2015 |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 020/15 |
| Kommunestyre | 03.09.2015 | 053/15 |

| **Endeleg vedtak i:** | **Arkivsaknr.:** | **Saksansvarleg:** |
|---|---|---|
| **Kommunestyret** | **15/1034** | **Odd Gunnar Myhre** |

# Regionalt friluftsråd i Nordfjord

## Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune blir medlem av regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Kostandane for dette blir innarbeida i driftsbudsjettet for kultur slik det kjem fram av saksutgreiinga. Kulturområdet styrkast tilsvarande.

Rådmannen får i oppdrag å peike ut eitt medlem til Samarbeidsgruppa for friluftsrådet.
Ein tilrår at Nordfjordrådet utgjer styret i regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Vågsøy kommune tek som føresetnad for si deltaking at (Eid/Hornindal/Gloppen/Selje/Stryn) også vert med i Regionalt Friluftsråd for Nordfjord.

## 01.09.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

OK-utvalet tek høgde for at oppdatert folketal vert lagt til grunn ved utrekning. Elles ingen merknad.

## Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-020/15

## Vedtak:

Vågsøy kommune blir medlem av regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Kostandane for dette blir innarbeida i driftsbudsjettet for kultur slik det kjem fram av saksutgreiinga. Kulturområdet styrkast tilsvarande.

Rådmannen får i oppdrag å peike ut eitt medlem til Samarbeidsgruppa for friluftsrådet.
Ein tilrår at Nordfjordrådet utgjer styret i regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Vågsøy kommune tek som føresetnad for si deltaking at (Eid/Hornindal/Gloppen/Selje/Stryn) også vert med i Regionalt Friluftsråd for Nordfjord.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

«Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017»

«Forprosjektrapport januar 2015 Friluftsråd for Nordfjord»

## Bakgrunn for saka

Nordfjordrådet ga i 2014 Reisemål Stryn og Nordfjord i oppdrag å greie ut grunnlaget for etablering av eit regionalt friluftsråd for medlemskommunane Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe som no har levert rapporten «Forprosjektrapport januar 2015 Friluftsråd for Nordfjord».

No har Nordfjordrådet vedteke at dei kan finansiere 50% av kommunane sine kostander for medlemskap i det regionale friluftsrådet for det første driftsåret (2016) . Kvar av kommunane som stod bak utarbeidinga av forprosjektrapporten, skal no ta stilling til om dei ønsker å vere medlem av friluftsrådet slik det er skissert.
50% av kostnadane for medlemskap (kontingent) for år ein (2016) blir dekka av Nordfjordrådet

## Saksopplysningar / fakta

Noko av grunnlaget for å utarbeide ein forprosjektrapport var at Sogn og Fjordane fylkeskommune i sin «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017» har etablering av friluftsråd som eitt av hovudmåla.

Arbeidsgruppa hadde ein representant frå kvar av kommunane. Ein repr. frå Forum for natur og friluftsliv, ein frå Sogn og Fjordane Turlag, ein frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og ein frå Reisemål Stryn og Nordfjord.
Resultatet av arbeidsgruppa sitt utgreiingsarbeid ligg no i «Forprosjektrapport januar 2015 Friluftsråd for Nordfjord».

Av kommunane Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy er det berre Selje og Stryn som har handsama sak om deltaking i eit regionalt friluftsråd. Begge med positive vedtak.

For å stimulere til deltaking har Nordfjordrådet gjort vedtak om at dei vil finansiere 50% av kommunane sin kontingent for deltaking av «Friluftsråd for Nordfjord» det første driftsåret.

Alle dei fem kommunane som vert invitert med i friluftsrådet ser stor nytteverdi av å delta i eit interkommunalt friluftsråd. Det er fleire kommunar som har utfordringar på friluftslivfronten, men får ikkje gjort noko med det fordi det ikkje er midlar eller personell til å ta seg av det.

Utfordringane i kommunane er presentert i kapittel 5 i rapporten.

På landsbasis finns det i dag 25 friluftsråd med 213 medlemskommunar. Mange av desse har eksistert i mange tiår, og dei er organisert i eit nasjonalt forbund for friluftsråd. I Sogn og Fjordane har vi ingen friluftsråd. Derimot har vi to i Møre og Romsdal, det næraste i Ålesundsområdet.

Arbeidsgruppa som har arbeidd med etablering av friluftsråd for Nordfjordregionen tilrår at Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy går saman om friluftsråd og at andre kan inviterast etter kvart. Det vert tilrådd at rådet vert etablert som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27. Grunngjevinga er mellom anna momsreglementet.

Finansieringa er omtala i kapittel 6.4 i rapporten, og tilrådd løyst tilsvarande som for andre friluftsråd. Den kommunale delen av finansieringa er tilrådd som eit årleg grunnbeløp pr kommune, i tillegg til ein kontingent pr. innbyggar i kommunen.
Arbeidsgruppa tilrår kr 10 000,- som årleg grunnbeløp og ein kontingent pr. innbyggar på kr 12,-. Til saman kr 406.200 pr. år.

| Kommune | Innbyggar tal | Sats pr innb. | Grunn beløp | Kommunane 2016 (Nordfjordrådet dekkjer 50% av kontingenten) | Kommunane 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Eid | 5926 | 12 | 10.000 | 40.556 | 81.112 |
| Hornindal | 1223 | 12 | 10.000 | 12.338 | 24.676 |
| Gloppen | 5694 | 12 | 10.000 | 39.164 | 78.328 |
| Selje | 2782 | 12 | 10.000 | 21.692 | 43.384 |
| Stryn | 7134 | 12 | 10.000 | 47.804 | 95.608 |
| Vågsøy | 6091 | 12 | 10.000 | 41.546 | 83.092 |
| | | | | 203.100 | 406.200 |

Dette vil i så fall utløyse eit årleg tilskot frå Friluftsrådenes Landsforbund på kr 215 000. I tillegg kan vi forvente eit årleg tilskot frå fylkeskommunen på kr 200 000,-. Dette gjev ei grunnfinansiering på kr 821 200,-.

Prosjektfinansiering skjer gjennom tilskot frå Friluftsrådenes Landsforbund, spelemidlar, sikringsmidlar frå Miljødirektoratet og private fond/stiftingar.

## Vurdering / konsekvensar

Når Nordfjordrådet no vil finansiere 50% av kommunane sine utgifter til kontingent det første driftsåret, blir det opp til kvar kommune å ta stilling til om dei vil delta.

Det er tilrådd at Friluftsråd for Nordfjord har eige styre. I forprosjektrapporten er det tilrådd at ein politisk vald representant frå kvar av medlemskommunane utgjer styret.

I prinsippet kan Nordfjordrådet ha denne styrefunksjonen.

I tillegg skal det opprettast ei samarbeidsgruppe med eitt medlem frå kvar kommune. Denne gruppa skal bestå av personar som til dagleg arbeider med friluftsrelaterte spørsmål.

Det må også tilsettast dagleg leiar. Denne oppgåva skal handterast av styret.

I forprosjektrapporten er det utarbeidd forslag til vedtekter som (i utdrag) seier:

*§3 ORGANISASJON*
*Årsmøte, styret og samarbeidsgruppa er friluftsrådet sine faste organ. Administrasjonen står for den daglege drifta av friluftsrådet.*

*§4 ÅRSMØTE*
*Årsmøtet er Nordfjord friluftsråd si høgste myndigheit, og skal gjennomførast innan utgongen av mai. Kvar av kommunane kan sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, gjerne ein av kvart kjønn. Kommunane kan velje representantane med vararepresentant for heile kommunevalperioden. Styret sine medlemmar møter med røysterett på årsmøte.*

Det er årsmøtet som må godkjenne vedtektene til eit regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Vågsøy kommune blir medlem av regionalt friluftsråd for Nordfjord. Kostandane for dette blir innarbeida i driftsbudsjettet for kultur med kr 41.546,- i 2016 og med kr 83.092,- frå 2017. Kulturområdet må styrkast tilsvarande.

Rådmannen får i oppdrag å peike ut eitt medlem til Samarbeidsgruppa for friluftsrådet.
Ein tilrår at Nordfjordrådet utgjer styret i regionalt friluftsråd for Nordfjord.

Vågsøy kommune tek som føresetnad for si deltaking at (Eid/Hornindal/Gloppen/Selje/Stryn) også vert med i Regionalt Friluftsråd for Nordfjord.

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 172649 | Friluftsråd - Møtebok Nordfjordrådet.pdf |
| 172650 | Friluftsråd - Forprosjektrapport.pdf |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 021/15 |

| **Endeleg vedtak i:** **Oppvekst og kulturutvalget** | **Arkivsaknr.:** **14/881** | **Saksansvarleg:** **Torill Furnes Myhre** |
|---|---|---|

# Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen - eit læringsmiljøprosjekt

## Rådmannen si innstilling

Oppvekst og kulturutvalet vedtek prosjektplanen «Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen» slik den ligg føre.

## 01.09.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

Kommunalsjef Ove Aksnes orienterte og svarte på spørsmål.

Eit samla Oppvekst- og kulturutval er einige om at dette er eit positivt prosjekt som er viktig å gjennomføre.
OK-utvalet er særs tilfreds med at dette prosjektet er godt i gong i skulane.

## Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-021/15

## Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet vedtek prosjektplanen «Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen» slik den ligg føre.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

< Opplæringslova, NOU 2015:2, kommunedelplan for oppvekst Vågsøy kommune 2013-2025>

## Bakgrunn for saka

< I oppvekst og kulturutval 03.06.2015 orienterte kommuneadministrasjonen ved rådgjevar for skule om prosjektet «Glade mennesker som meistrar i Vågsøy skulen» I den forbindelse vart det etterspurt kva økonomiske konsekvensar dette ville medføre.>

## Saksopplysningar / fakta

<Dette prosjektet er eit prosjekt som tek sikte på å vidareutvikle eit heilheitleg og godt læringsmiljø i Vågsøyskulen. Knytt opp mot prosjektet ligg det tre hovudsatsingar: innføring av Pals i barneskulane i Vågsøy, ungdomstrinnsatsinga som er ei nasjonal satsing der Vågsøy ungdomsskule deltek og «Foreldrerettleiing – Ein god barndom varer heile livet» som er eit tverrfagleg prosjekt i kommunane Vågsøy, Eid og Selje knytta til sjumilssteget. Dei to sistnemnde prosjekt har eigne prosjektmidlar til gjennomføring.
Til prosjektet «Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen» har ein fått tildelt kr 250000 i midlar frå Fylkesmannen>

## Vurdering / konsekvensar

<Når det gjeld innføring av Pals i barneskulane vil dette krevje kostnadar i form av lønn til ekstern rettleiar, kurs og konferansar knytta til palsopplæringa i tillegg til eigeninnsats på skulane. Nokre av desse kostnadane vert dekka gjennom midlane som er tildelt frå fylkesmannen, samt at ein nyttar budsjetterte midlar innanfor kurs og kompetanseutvikling i skulane sitt eige budsjett inneværande år.
Den største kostnaden er knytta opp mot tilsetjing av ekstern PALS rettleiar, noko som er naudsynt for å kunne verte PALS skule. Ein har tilsett ekstern PALS rettleiar i 40% stilling i perioden 01.08.2015 – 31.07. 2017. Ho skal fungere som rettleiiar for dei fem barneskulane i kommunen. Dette vert ei utgift som ein ikkje har tatt høgde for i inneværande budsjettår, og som må takast høgde for i budsjetta for 2016-2017. I inneværande budsjettår har ein sett seg nøydde til å nytte tildelte prosjektmidlar til å dekkje inn noko av denne utgiftsposten. Ein stipulerer lønnsutgiftene for 2016 til å være kr 359 000,- i tillegg kjem køyreutgifter. >

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 152650 | Prosjektmal - Midlar til betre læringsmiljø |
| 166963 | Prosjektplan Glade mennesker som meistrar i Vågsøyskulen - endelig versjon |

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 11.06.2014 | Utdanningsdirektoratet | Tildeling av midler til tiltak for bedre læringsmiljø |
| 2 | X | 10.11.2014 | | Prosjektmal - Midlar til betre læringsmiljø |

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 022/15 |

| **Endeleg vedtak i:** | **Arkivsaknr.:** | **Saksansvarleg:** |
|---|---|---|
| Oppvekst- og kulturutval | **09/2441** | **Linn Kristin Gjerde** |

# Dispensasjon fra utdanningskravet som førskolelærer - Skramsmarka barnehage

## Rådmannen si innstilling

Med heimel i Lov om barnehager kap. V § 18 og Føresegnene § 1 gjev oppvekst- og kulturutvalet dispensasjon frå utdanningskravet og godkjenner Margunn Myklebust Trollebø som pedagogisk leiar i 80 % stilling. Dispensasjonen gjeld for **perioden 10.08 – 31.12.2015.**

## 01.09.2015 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:

Ingen merknad.

## Votering

Rådmann si innstilling samrøystes vedtatt.

OK-022/15

## Vedtak:

Med heimel i Lov om barnehager kap. V § 18 og Føresegnene § 1 gjev oppvekst- og kulturutvalet dispensasjon frå utdanningskravet og godkjenner Margunn Myklebust Trollebø som pedagogisk leiar i 80 % stilling. Dispensasjonen gjeld for perioden 10.08 – 31.12.2015.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om barnehager Kap.5 §18.

## Bakgrunn for saka

Ifølge lov om barnehager skal pedagogisk leder ha utdanning som førskolelærer. Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd.

## Saksopplysningar / fakta

Det søkes om dispensasjon for utdanningskravet for Margunn Myklebust Trollebø.. Tidsrommet det søkes for er 10.08 - 31.12.2015 i første omgang. En pedagog har søkt permisjon i overnevnt periode, og gitt signal om mulig forlengelse av permisjonsperioden frem til 31.07.2016. De kommunale barnehagene har lyst ut stilling som pedagogisk leder og det var ikke nok søkere med godkjent utdanning til å fylle opp stillingen i Skramsmarka barnehage.

## Vurdering / konsekvensar

Margunn Trollebø skal starte på tredje året på desentralisert Barnehagelærerutdanning, og fyller langt på veg kravet til kompetanse for stillingen. Hun har jobbet mange år i barnehage som assistent og er godt kjent med hva som kreves som leder og fagansvarlig på sin avdeling.

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

**Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 023/15 |

| **Endeleg vedtak i:** | **Arkivsaknr.:** | **Saksansvarleg:** |
|---|---|---|
| Oppvekst- og kulturutval | **15/852** | |

# Søknad om skuleskyss for skuleåret 2015/2016

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

**Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 024/15 |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutval | **Arkivsaknr.:**<br>**14/1400** | **Saksansvarleg:** |
|---|---|---|

# Ny klagebehandling skuleskyss 2015/2016

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

**Unntatt offentlighet Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 01.09.2015 | 025/15 |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekst-og kulturutval | **Arkivsaknr.:**<br>**14/1402** | **Saksansvarleg:** |
|---|---|---|

# Ny klagebehandling skuleskyss 2015/2016